

Vått og vilt klima – praktisk tiltaket for landbruket i Meland

1. Bakgrunn:

Det våte klima kombinert med mykje myrjord har alltid gjort at det er krevjande å vera vestlandsbonde. Klimaendringar med meir ekstremver og nedbør i vekstsesongen har gjort det endå vanskelegare. Likevel ser ein at nokre bønder likevel får ut husdyrgjødsel til rett tid og klarar å få brukbare avlingar sjølv i uår som 2017. Landbrukskontoret har ved fleire høve hatt lærerike diskusjonar om kva bøndene som lukkast gjer, og kva dei som ikkje får det til kunne gjort annleis. Det er små og store tiltak som handlar om å gjera ting til rett tid, vera i forkant med dreneringssystem og interne driftsveggar, fordrøyingsbasseng og endra gjødselpraksis med anna type utstyr m.m.

Forskning og utviklingsarbeid knytt til klimatilpassing er ofte teoretisk og det er vanskeleg for den enkelte bonde å omsetja denne kunnskapen til ny praksis på sin eigen gard. Ein anna ting er at det lokale jordsmonnet varierar og gjer at det som verkar andre stader ikkje er alltid er mogleg her.

Tanken med dette prosjektet er å setja fokus på dei som lukkast, og prøva å gjera deira erfaringar tilgjengeleg for resten av bøndene på ein slik måte at dei kan endra praksis. Erfaring samanhold med forskningsresultat omsett til gje gode praktiske tips og døme som gjer det lett å forstå og setja i verk.

Landbrukskontor og rådgivingstenesta føler ofte at ein manglar verktøy for å formidla kunnskap til bøndene. Klimatilpassing er eit stort og vidt begrep som ikkje gjer mykje mening før ein fyller det med praktiske døme. Bønder lærer mest av andre bønder, men det er ikkje noko opplegg for slik formidling. Ved å ta i bruk sosiale media og videosnuttar trur ein når ut til spesielt nye bønder. Nye bønder ser me hentar mykje av kunnskapen sin frå internett og då er det viktig å gjera det tilgjengeleg på den måten. Lenger avstander til rådgiving og eit mindre aktivt landbruksmiljø pga færre bønder har gjort det vanskelegare å nå ut med ny kunnskap. Bruk av media bruk kan difor vera eit effektiv verktøy.

Meland bondelag er ivrig på at me skal prøva å få til dette saman. Me samla lokalt bondelag, grovforrådgjevar Lise Austrheim frå Norsk landbruksrådgjeving Vest, fylkesagronom Øyvind Vatshelle og landbrukskontoret till ei arbeidsgruppe.

2. Mål:

Prosjektet handlar om klimatilpassing basert på lokale tilhøve. Ein vil samla erfaring frå aktive bønder og frå forskning for å finna praktiske tiltak som har overføringsverdi til andre bønder i kommunen, og bruka videosnuttar og sosiale media som verktøy for formidling.

3. Målgruppe:

Aktive bønder i Meland (Hordaland), kommunane og rådgjevingstenesta, med overføringsverdi til resten av fylket. Norsk landbruksrådgjeving ynskjer å hausta erfaring med denne form for formidling og lukkast ein kan det brukast i heile landet. Særleg viktig for unge/nye bønder.

4. Tiltak og metode:

Kunnskap og kompetanseoppbygging om korleis tilpassa driftsform til endra klima

Ein del av prosjektet vil vera å samla eksisterande kunnskap frå forskning/andre prosjekt og gjera denne tilgjengeleg og forståeleg for bøndene i vår region.

Me ynskjer er å laga ei enkle og informativ videosnuttar der lokale bønder viser og fortel kva tiltak dei har gjort. Kunnskapen vert då basert på lokale føresetnader og erfaringar frå kva tiltak som verkar best i våre område. T.d gjødselpraksis, haustetidspunkt, kantsoner, fangdammer, interne driftsveger m.m. Små og store nyttige tips som ein har erfart verkar.

5. Plan for arbeid og informasjon:

Laga ei arbeidsgruppe med bønder, forvaltning og rådgjevartenesta.

Samla kunnskap om praktiske tiltak frå aktive bønder som har lært gjennom erfaring kva som verkar.

Kartlegga relevant forskning/erfaring frå andre stader

Samhalda desse to og ut frå det laga opplegg for kva tiltak som skal filmast, intervjujal

Finna bønder som vil formidla- der dei fortel om gode praktiske tips – få opplegg for filming, redigering m.m – her tenkjer ein opplegg med lokal mediabedrift

Kunnskapen finst der ute, men det handlar om å gjera den tilgjengeleg for brukarane.Laga informasjonsopplegg korleis formidla dette til lokale bønder, t.d markdagar m.m

6: Framdriftsplan

Sommar 2018 –planlegging

Haust 2018-haust 2019 – følgja landbruket gjennom året for å få belyst flest mogleg problemstillingar knytt til ulike ting i produksjonssyklusen

Rapportering: des 2019

7: Prosjektorganisering:

Meland Bondelag, Meland kommune, Norsk landbruksrådgiving Vest

Målet er å kunnskapsformidling om praktiske klimatiltak på den enkelte gard ved å ta bruk filmsnuttar, sosiale mediar, markdagar m.m. Samarbeid med lokal mediabedrift

Knytta til oss fagpersonar frå ulike miljø etter behov.

8: Kostander/Finansering:

| Kostnader | |
|--------------------------|----------------|
| norsk landbruksrådgiving | 40 000 |
| Prosjektleiing | 40 000 |
| Videoproduksjon | 50 000 |
| Brosjyre | 15 000 |
| Møter | 10 000 |
| Reiser | 10 000 |
| Markdager | 10 000 |
| Formidling | 15 000 |
| | 190 000 |
| | |
| Finansiering | |
| tilskot fylkesmannen | 70 000 |
| tilskot fylkeskommunen | 70 000 |
| Meland kommune | 30 000 |
| Meland bondelag - timar | 10 000 |
| Norsk landbruksrådgiving | 10 000 |
| Andre midlar | 10 000 |
| | 200 000 |

Kostandane er knytt til innleige av grovforrådgivar frå Landbruksrådgivinga til å laga det faglege opplegget, møter, videoproduksjon, formidling m.m. Meland kommune vil ta ansvar for prosjektleiing, men det er ynskjeleg å leiga inn ein prosjektleiar. Meland bondelag har sagt seg villig til å bidra med arbeid.

Det vil verta utarbeidd ein meir detaljert prosjektplan dersom søknaden vert innvilga.

9. riskovurdering

Manglande finansiering gjer at prosjektet ikkje kjem i gong

Tekniske utfordringar knytt til videoproduksjon m.m

Utarbeid av underteikna i samarbeid med Meland Bondelag og Norsk landbruksrådgiving

27.03.2018 Laila Bjørge, landbrukssjef i Meland